

## Stor kunst frå små hender



Eit stort og flott kunstverk vart avduka på Kreftavdelinga sin sengepost i Ålesund onsdag. Og kunstnarane er 14 barn frå Veslefrikk barnehage.

Av

[Janne-Marit Myklebust](#)

. Publisert i dag 15:13 .

Barna har dekorert ein heil vegg i eit nytt trenings- og energirom. Målet med det fargerike kunstverket er at pasientane skal få betre energi.



Fysioterapeut Berit Hole Vik er svært nøgd med resultatet.

- Det er kjempeflott, og eg er sikker på at dette vil motivere pasientane, seier ho.

## Har jobba lenge

Sidan jul har dei største barna i Veslefrikk barnehage jobba for å få i stand glasmåleriet. Kattar, apar, sommarfuglar, flamingo og bier surrar rundt på treningsrommet. Fleire pasientar har alt uttrykt stor begeistring for rommet, fortel fysioterapeut Gry Håberg.

- Fleire har alt vore innom for å kike, og dei er svært positivt overraska.



Dei fjorten eldste barna i Veslefrikk barnehage har dekorert ein heil vegg på Kreftavdelinga sin sengepost i Ålesund.

*Foto: Janne-Marit Myklebust/NRK*

## Bevisst val

Hole Vik fortel at dei ønskte barn til å dekorere veggen.

- Det barn lagar er så ekte. Det gir ein positiv engeri, meiner ho.



*(NRK)*